

## Referat styremøte 02/2011

### Møre & Romsdal Gjeterhundlag - MRGL

---

Møtet fant sted den 21.08.2011 Batnfjorden , Gjemnes.

Følgende møtte:

- ✓ Kristine Punde Naastad
- ✓ Odd Bjarne Bjørdal
- ✓ Vidar Sunde
- ✓ Nils Edmund Stråmyr

Andre som møtte:

---

#### SAKER:

##### SAK 01; Uttakskriterier til NM i gjetarhund

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag , kan i store trekk slutte seg til forslaget frå Gjetarhundrådet om uttakskriterier til NM i Gjetarhund med unntak av delar av det som gjeld omfordelinga av dei 9 plassane frå siste års NM. MRGL sitt framlegg er slik:

##### UTTAKSKRITERIER TIL NM:

90 hundar totalt.

Grunnkvote: 1 hund.

Maks 12 pr. fylke. (+ evt. 1 til om NM-arrangør)

Arrangørfylket: + 1 hund.

Fylka med dei 9 lavaste plasspoenga i siste års NM misser ein hund av kvoten.

Desse vert så omfordelte såleis:

- 4 til av dei fire beste fylka frå siste års NM (ein til kvart)
- 2 for lokallagsaktivitet
- 2 for beste resultat arrangørfylke i norgesserien
- 1 for vinnarfylket i nordnorgesserien
- Lokallagsaktivitet: Standard fylkesårsmøte-godkjend aktivitetsrapport levert innan 1.mars.
- 3, 2, 1 eller 0 poeng for å tilhøyre beste – til därlegaste  $\frac{1}{4}$  av fylka for tal nye bruksprov.
- 3, 2, 1 eller 0 poeng for å tilhøyre beste – til därlegaste  $\frac{1}{4}$  av fylka for tal organiserte kurs.
- 3, 2, 1 eller 0 poeng for å tilhøyre beste – til därlegaste  $\frac{1}{4}$  av fylka for tal hundar over 60 poeng i kl. 3 under fylkesmeisterskapet.
- Resultat arrangør av landsprøver: Rekna som totalsum av fylka sine 5 beste førarar.

Etter denne tankerekka er ingen hund automatisk kvalifisert. Også regjerande noregsmeister må vere i så pass slag at den kvalifiserar seg. Dei därlegaste fylka med omsyn til plasspoeng vil misse ein hund av kvoten. Stor aktivitet og breidde kombinert med gode resultat vil kunne føre til rask oppbygging av større kvote.

SAK 02; Gjeterhundrådet sitt vedtak om fjerning av kravet:

**" KJEND HD-STATUS " .**

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag tykkjer det er underleg at ei så viktig sak ikkje vart sendt ut til høyring i organisasjonen, og oppmodar om at saka no vert "nullstilt," og så sendt ut på høyring til fylkeslaga.

Andre saker vart ikkje handsama, og styremøtet vart med dette avrunda.

Batnfjorden, 14.12.2009

Odd Bjarne Bjørdal